



Gripsgård Eiendom as
Heiane 30
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/1285 - 14/12246

Saksbehandlar:
Hogne Askeland
hogne.askeland@radoy.kommune.no

Dato:
11.11.2014

Byggesak Gbnr 45/436 Manger - bustad og parkeringsplass - endring av løyve - godkjenning

Delegasjonssak nr.: 268/2014

Delegert vedtak etter plan- og bygningslova § 20-1

Adresse : **Selfallet 138**
Tiltakshavar : Gripsgård Eiendom
Ansvarleg søker : Steinar Thunold
Søknadstype : Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett

Saksutgreiing:

Tiltak

Det er i sak 118/2014, datert 16.05.2014 gjeve løyve til oppføring av einebustad og sportsbod, samt etablering av parkeringsplass.

Det vert no endra plassering av einebustaden i forhold til godkjenning. Tiltaket har fått endra plassering med 22 cm og minste avstand nabogrense er no mindre enn 4 meter.

Det vert elles vist til søknad mottatt 16.10.2014.

Planstatus

Eigedommen ligg i regulert område innafor det som i reguleringsplanen for Selfallet er definert som bustadområde.

Plassering

Einebustaden er plassert med eit avvik på 22 cm i forhold til godkjent situasjonsplan. Endra plassering er vist i oppmålingsdokumentasjon frå Vest Oppmåling as. Minste avstand nabogrense er no 3.78 meter. Det ligg føre samtykke frå eigar av gnr. 45 bnr. 439 for plassering nærare nabogrense enn 4 meter. Tiltaket er plassert innanfor byggjegrænse i plan.

Vedtak:

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1 a vert det GODKJENT søknad om løyve til endra plassering tiltak som omsøkt på følgjande vilkår:

1. Tiltaket kan plasserast i som vist i søknaden med heimel i plan- og bygningslova § 29-4.
2. Det vert føresett at byggverket vert oppført i tråd føresegne gjeve i eller i medhald av med plan- og bygningsloven, herunder kommuneplanen og reguleringsplanen sine føresegner. Dersom søknaden er i strid med offentlege føresegner, gjeld føresegnene føre løyvet.
3. Vilkår sett tidlegare løyve skal fortsett gjelde.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf., gjeldande delegasjonsreglement for Radøy kommune.

Gebyr

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og gebyrregulativ for Radøy kommune vedteke i kommunestyret 05.12.13 vert det følgjande gebyr i saka:

Kode 10.2.8	Delt sakshandsaming, endring i løyve	kr	<u>2 600</u>
	Totalsum	kr	2 600

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato og før arbeidet setjast i gang, jf. plan- og bygningslova § 21-4, sjetle ledd.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf., plan- og bygningslova § 29-1. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Avfall

Alt avfall som tiltaket førar med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf plan- og bygningslova § 21-10. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve føreligg.

Sluttdokumentasjonen skal vise at tiltaket er utført i samsvar med løyve og føresegne gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova. Om det er justeringar i tiltaket i høve løyvet, som ikkje krev søknad om endring, skal ansvarleg søkjar seinast ved søknad om ferdigattest sende oppdatert situasjonsplan og teikningar til kommunen. Ved søknad om ferdigattest skal søkjer stadfeste at høveleg dokumentasjon for forvaltning, drift og vedlikehald er overlevert byggverket si eigar. I tiltak

der det er krav om avfallsplan eller miljøsaneringsredegjering skal sluttrapport som dokumenterer faktisk disponering av avfall leggjast ved søknad om ferdigattest.

Når det gjenstår mindre vesentlege arbeid kan det utstedast mellombels bruksløyve for heile eller deler av tiltaket. I søknad om mellombels bruksløyve skal søker identifisere gjenstående arbeid, stadfeste at byggverket har tilfredsstillende tryggleiksnivå, og angi tidspunkt for ferdigstilling. Oppdatert gjennomføringsplan skal alltid leggjast ved søknad om ferdigattest/mellombels bruksløyve.

Kommunen kan gjere ferdigsynfaring/tilsyn i forkant av at ferdigattest eller mellombels bruksløyve vert utskrive.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saksnr.: 14/1285

Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf., §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Det kan ikkje reisast søksmål om gyldigheita av vedtaket eller krav om erstatning som følgje av vedtaket utan at moglegheita til å klage over vedtaket er nytta, jf., forvaltningslova § 27b

Dersom du har spørsmål i saka, så kontakt konsulent Hogne Askeland.

Med helsing

Tonje Nepstad Epland
leiar teknisk forvaltning

Hogne Askeland
konsulent

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Gripsgård Eiendom as
Byggm. Steinar Thunold AS

Heiane 30

5918

FREKHAUG